



Error! Not
a valid
filename.

AUSTRHEIM KOMMUNE

Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 16.12.2021
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 15:00 - 21:55

Tidsplanen:

15.00 - Møtet startar med kulturinnslag ved kulturskulen.
15.30 - Generalforsamling i Austrheim næringssselskap, sjå eiga innkalling
18.00 - Julemiddag
Sakshandsaminga held fram etter middagen.

Randi Keilegavlen Dyrøy var på plass 15.30.
Aslak Andre Bakke kom 18.30, og skifta med vara Hege Ramsland.
Jan Erik Espelid var på plass 17.50.

Orienteringssaker:

- Korona v/Monika Kvamme
- Presentasjon av ny kommunalsjef oppvekst og kultur
- Sak vedk. heis Nordliheimen v/personal- og økonomisjef Odd Harald Dommersnes.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Lise Renate Helle	SP
Marita Terese Bru	BIA
Reidar Ulvøy	AP

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Anette Kaland	AP	Varamedlem
Jan Erik Espelid	BIA	Varamedlem
Hege Ramsland	H	Varamedlem
Gro Kaland	SP	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Rolf-Henning Myrmel,
Trine Merete Jansen

Austrheim 23. desember 2021

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
087/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
088/21	Godkjenning av møteprotokoll
089/21	Meldingar
090/21	Orienteringssak
091/21	Vedtekter for Austrheim kulturskule
092/21	Val av representantar til Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt
093/21	Møteplan for 2022
094/21	Lokal forskrift om gebyr for tekniske forvaltningsteneste 2022 - Godkjenning
095/21	Foreløpig rekneskap for 2021
096/21	Gebyr- og betalingssatsar 2022
097/21	Budsjett- og økonomiplan 2022-2025 - etter høyringsrunden
098/21	Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
099/21	Tilskotsordning til lokale verksemder i særleg utsatte bransjer- Løyving frå Austrheim kommune
006/21	Arbeid med basseng/badeland på Mongstad

087/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

16.12.2021 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

(15 representantar, Randi Keilegavlen Dyrøy (KrF) og Jan Erik Espelid (Bygdelista) var ikkje på plass)

(I denne saka var Hege Ramsland vara for Aslak Andre Bakke)

KS - 087/21 - 16.12.2021 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

088/21: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

16.12.2021 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

(15 representantar, Randi Keilegavlen Dyrøy (KrF) og Jan Erik Espelid (Bygdelista) var ikkje på plass)

(I denne saka var Hege Ramsland vara for Aslak Andre Bakke)

KS - 088/21 - 16.12.2021 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

089/21: Meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

16.12.2021 KOMMUNESTYRET

I samband med meldingssakene orienterte ordførar Per Lerøy om brev frå Statens Vegvesen om Vardebrua, som skal gje gangveg utan kryssing over fylkesveg 565 ved Kaland. Dette prosjektet er ein del av Nordhordlandspakken. Brua skal kosta til rundt 12 millionar, og det er valt ei løysing med ei bru av komposittmateriale.

Etter anbudsrunder måtte det firmaet (frå Holland) som vann senda over sine berekningar til Vegdirektoratet for godkjenning. Den verksemda som har rammeavtale med same direktorat for kontroll av papira frå leverandøren, har hatt innsigelsar på fleire punkt. Per i dag er tidsplanen at ein i beste fall er klar og på plass i mai, eller i verste fall ikkje er klar før til hausten.

Ordførar har prøvd å bruka kontaktutvalet i Nordhordlandspakken for å få fortgang i saka, i tillegg til eigen direkte kontakt, og til slutt er det sendt ein protest direkte til Samferdselsdepartementet. Fortvilande at byråkratiet er slik når ein ønskjer å betra trafikktryggleiken og få dei mjuke trafikantane vekk frå fylkesvegen. Har ikkje fått særleg hjelp frå Staten i denne saka.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

(15 representantar, Randi Keilegavlen Dyrøy (KrF) og Jan Erik Espelid (Bygdelista) var ikkje på plass)

(I denne saka var Hege Ramsland vara for Aslak Andre Bakke)

KS - 089/21 - 16.12.2021 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

090/21: Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

16.12.2021 KOMMUNESTYRET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug ønskte velkommen den nye kommunalsjefen for oppvekst og kultur, Trine Merete Jansen, som tok til 1. desember. Tidlegare har Jansen vore rektor ved Sæbø skule i Alver, og før det avdelingsleiar ved ein skule i Bergen, som lærar og innan PPT.

Kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme, orienterte om Korona-situasjonen.

- Omikron-viruset, som er meir smittsam, gjer at situasjonen er uavklart.
- Tiltak er meir avstand, munnbind, avgrensa nærkontaktar, heimekontor med meir.
- Mykje arbeid med Korona for kommunen.
- Har starta vaksinerings på nye måtar med Drop-in.

- Er no på vaksinerings i gruppa 45 til 65 år, samt helsepersonell og dei som jobbar i skule og barnehage.
- Har rundt 450 dosar til bruk i dag 16/12, får 660 dosar til tysdag. Vaksine er rekna for å ha best effekt.
- Har samkjørt karantenereglar mellom Omikron og Delta-viruset.
- Hurtigtestar er eit knappheitsgode, og kommunen er pålagt å vera restriktive med utdelinga av desse.
- Er i gang med beredskapsleilegheit for dei som treng hjelp med ein plass å vera i karantene/isolasjon.
- Helsepersonell kan sleppa karantene og gå på jobb med testing, men må vera i fritidskarantene.
- Helse Bergen melder at det er krevjande situasjon, for testing og analyse av testar

Monika Thorpe (Ap) spurte om beredskapsleilegheit er den i Sætremarka 46. Kvamme svara at det er denne, samt at ein sjekkar med Kilstraumen om dei kan hjelpa med leilegheiter. Alver kommune sitt tilbod til desse er på til Fjordslottet på Osterøy.

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine Merete Jansen, orienterte om tiltak i barnehage og skule.

- Ikkje høge smittetal i Austrheim.
- Det er no gult nivå etter trafikklysmodellen.
- Har tett dialog og har sett på beredskapsplanen som ligg, var klar til gult nivå då beskjeden kom.
- I barnehagane er det utfordrande med bemanninga, med mykje forkjøling som går og fleire som er heime med symptom på grunn av Korona.
- Har sett på kva som er kritisk låg bemanning i barnehage og skule. Uavhengig av trafikklys så må bemanninga vera tilstrekkeleg til at det er trygt for barna, at ein kan følgja smittevernsreglar og at ein kan følgja HMS-reglar.
- Skulane melder at bemanninga er knapp, men dette har ein klart før og skal klara no også. Får litt pause rundt jul.
- Barnehagane har litt redusert barnetal i romjula, det vil hjelpa noko.
- I Alver er situasjonen annleis, men dei har heilt andre smittetal. Her i Austrheim har ein vurdert at ein har godt system for dette, og følgjer smittevernråd og tiltak. Må evt. vurderer på nytt dersom det kjem eit utbrot. Er klare til å gå til raudt nivå dersom det er naudsynt.
- For barn er det vurdert at det er best å vera på skule og i barnehage.
- Har justert opningstid barnehagar på grunn av bemanninga og press der, men dei med grunnlag i arbeid som er samfunnskritisk får tilbod om vanleg opningstid.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa om skulane at ved ei nedstenging utan smitteutbrot må skuledagar takast igjen. Slik situasjonen er i dag ser ikkje kommunedirektøren at ein skal stenga skulane, men situasjonen kan endra seg i dag eller i morgon.

Kommunalsjef Monika Kvamme sa at Statsforvaltar har presisert at det er smittevernoverlegen som kan stenga skulane, ikkje skuleeigar åleine.

Kommunalsjef Trine Merete Jansen sa at dei kommunane som har valt å stenga må ta att desse dagane, og ein må ha ei god vurdering i botnen. Om ein følgjer retningslinjene så skal dette gå bra.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes, og einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om avvik ved heisane på Kystbarnehagen og Nordliheimen. Dette er noko som må utbetrast, eller så må heisane stengast.

Avvik på våre personheisar i Kystbarnehagen og på Nordliheimen

- Det er nå gjennomført kontroll på våre personheisar og det er funne avvik som vil bli monaleg kostbart å få utbeta.
 - Kystbarnehagen.
 - 1 avvik som medføre fare for persontryggleiken, må utbeta
 - 3 avvik som kan medføre fare for persontryggleiken, må utbeta.
- Vi har mottatt tilbud for å lukka desse avvika pris 90 000,- kroner. Forslag om at dette blir tatt av det ordinære vedlikehaldsbudsjettet
- Nordliheimen. Her må der gjennomførast ei større utbetring, som inkl. flg.
 - Ny moderne styring av heisen
 - Nye knappar og tablå
 - Heildekkande fotocellefelt på innerdører (og risikovurdering for å unngå kravet om innerdør)
 - Utskiftning av håndpumpe på aggregat (denne er veldig slitt)
 - Komplette nye moderne heisalarm (her kjem det nye krav til alarm, da gammel teknologi blir avvirket av teleselskapene)
 - Vi har mottatt tilbud for å oppdatere heisen på 495.000 kroner. Forslaget er at deler av midlane som var satt av til å oppgradere VA på Vestlia blir nytta til dette, slik at vi unngår at heisen i Norliheimen vert stengt.

Odd Harald Dommersnes sa at det no er oppe i fem millionar brukt i 2021 på etterslep på vedlikehald. Har hatt fleire slike ting, mellom anna idrettshallen der ein måtte bruka 500.000 for å unngå stenging. Framlegget er å ta 500.000 frå prosjekt ny kloakk Vestlia, eit prosjekt som ikkje er starta opp enno. Kan finna nye midlar til det når det prosjektet kjem i gang. Ann Kristin Leirvåg (Ap) sa at det viktig at dette arbeidet på Vestlia vert utført.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om ein kan få inn fleire tilbud på arbeidet.

- Rolf Henning Myrmel svara at ein kan henta inn prisar frå andre, men at det nok vil enda på dette nivået.
- Ny heis på Nordliheimen vil kosta betydeleg mykje meir enn denne oppgraderinga. Rapporten som føreligg seier at usikkerheitsmomentet er heismotoren, resten er heisen er av god kvalitet, og Nordliheimen får ei fullgod oppgradering av heisen med dette tilbudet. Ny motor kan kosta rundt 100.000.
- Odd Harald Dommersnes sa at kommunen skal sjølvstøtt følgja reglar for anskaffingar. Under 100.000 treng ein ikkje bruka anbod, men på Nordliheimen må ein henta pris frå 3 tilbydarar.
- Kommunalsjef Monika Kvamme sa at denne heisen vert brukt til transport for reinhald og varer, og at det er veldig vanskeleg å driva om ein ikkje har heis.

Spørsmål til orienteringane:

Reidar Øksnes (Sp) spurte om finansiering av heis-prosjekt skal gjerast i samband med budsjettjustering 2021. Odd Harald Dommersnes svara at det vert nytta av den avsette potten til Vestlia, og så må ein styrka potten til Vestlia igjen ved årsavslutninga.

Reidar Øksnes (Sp) ba om at teknisk vedlikehald og vedlikehald generelt vert eige emne i kommunestyret. Kommunen har ein del gammalt utstyr. Ordførar Per Lerøy svara at det hadde vore bra med eit klart bilde av korleis den tekniske tilstanden er.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at ein skal laga økonomiplan for dei neste fire åra, og i samband med dette kartlegga kostnader til vedlikehald, og kva som må gå på drift eller kan tas som investeringar. Kan ikkje årleg ta oppdukkande ting på fem millionar i løpet av året.

Monika Thorpe (Ap) spurte om ein kan bruka av årets overskot til heisprosjekt, heller enn å ta i bruk det som er sett av til Vestlia. Her sa Odd Harald Dommersnes at straumrekningane som kjem inn kjem til å verta betydelege, og åtvare mot å ta av overskot/mindreforbruk.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

(16 stemmer, Jan Erik Espelid frå Bygdelista var ikkje på plass)

(I denne saka var Hege Ramsland vara for Aslak Andre Bakke)

KS - 090/21 - 16.12.2021 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

091/21: Vedtekter for Austrheim kulturskule

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommunestyret vedtek «Vedtekter for Austrheim kulturskule» slik dei ligg føre.

Vedtektene vert gjort gjeldande frå 01.01.2022.

16.12.2021 KOMMUNESTYRET

Leiar for kulturskulen, Elisabeth Jensen Risnes, orienterte om vedtekter for Austrheim Kulturskule, som er utarbeidde no. Risnes gjekk gjennom vedlegget til sakspapira.

Gro Kaland (Sp) oppforda til at ein vert flinkare til å ta korpsdeltakarar inn i kulturskulen. Elisabeth Jensen Risnes svara at ein skal sjå på dette.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

(16 stemmer, Jan Erik Espelid frå Bygdelista var ikkje på plass)

(I denne saka var Hege Ramsland vara for Aslak Andre Bakke)

KS - 091/21 - 16.12.2021 - Vedtak:

Austrheim kommunestyret vedtek «Vedtekter for Austrheim kulturskule» slik dei ligg føre.

Vedtektene vert gjort gjeldande frå 01.01.2022.

092/21: Val av representantar til Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kandidatane vert lagt fram i møtet.

Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt

For perioden 2018 - 2021

Vara

Hardy Pedersen (Ap) – ATTVAL

Randi K. Dyrøy (KrF) – ATTVAL

For perioden 2019-2023

For perioden 2019-2023

Anette Kaland (Ap) – ikkje på val
Stein Kåre Løvslett (KrF) – ikkje på val

Christer Pedersen (H) – ikkje på val
Odd Øksnes (Bygdelista) – ikkje på val

For perioden 2018-2021

For perioden 2019-2023

Leiar: Hardy Pedersen ATTVAL

Nestleiar: Stein Kåre Løvslett – ikkje på val

Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt

Medlemmer for perioden 2018-2021

Vara for perioden 2018-2021

Gro Kaland (Sp) – ATTVAL

Terje Aasen (KrF) – ATTVAL

Nils Ove Vassdal (H) – FEBRUAR 2022

May Britt Vågheim Eliassen (H) - FEBRUAR 2022

Atle Utkilen (BYA) – JAN NORDØ (NY)

Petter Lerøy Skårnes (V) - SIRI KALAND NY

Medlemmer valde for perioden 2019-2023

Vara valde for perioden 2019-2023

Reidar Ulvøy (Ap) – ikkje på val
Morten Sognnes (H) – ikkje på val
Lise Renate Helle (Sp) – ikkje på val
Leiar for perioden 2018-2021

Adrian Stueland (Ap) – ikkje på val
Aslak Andre Bakke (H) – ikkje på val
Per-Kristian Løvmo (Sp) – ikkje på val
Nestleiar for perioden 2018-2021

Leiar: Nils Ove Vassdal FEBRUAR 2022

Nestleiar: Reidar Ulvøy – ikkje på val

16.12.2021 KOMMUNESTYRET

foreslått av:

Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt

For perioden 2018 - 2021

Vara

Hardy Pedersen (Ap) – ATTVAL

Randi K. Dyrøy (KrF) – ATTVAL

For perioden 2019-2023

For perioden 2019-2023

Anette Kaland (Ap) – ikkje på val

Christer Pedersen (H) – ikkje på val

Stein Kåre Løvslett (KrF) – ikkje på val

Odd Øksnes (Bygdelista) – ikkje på val

For perioden 2018-2021

For perioden 2019-2023

Leiar: **Hardy Pedersen ATTVÅL**

Nestleiar: Stein Kåre Løvslett – ikkje på val

Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt

Medlemmer for perioden 2018-2021

Vara for perioden 2018-2021

Gro Kaland (Sp) – ATTVÅL

Terje Aasen (KrF) – ATTVÅL

Nils Ove Vassdal (H) – FEBRUAR 2022

**May Britt Vågheim Eliassen (H) -
FEBRUAR 2022**

Atle Utkilen (BYA) – JAN NORDØ (NY)

**Petter Lerøy Skårnes (V) - SIRI KALAND
NY**

Medlemmer valde for perioden 2019-2023

Vara valde for perioden 2019-2023

Reidar Ulvøy (Ap) – ikkje på val

Adrian Stueland (Ap) – ikkje på val

Morten Sognnes (H) – ikkje på val

Aslak Andre Bakke (H) – ikkje på val

Lise Renate Helle (Sp) – ikkje på val

Per-Kristian Løvmo (Sp) – ikkje på val

Leiar for perioden 2018-2021

Nestleiar for perioden 2018-2021

Leiar: **Nils Ove Vassdal FEBRUAR 2022**

Nestleiar: Reidar Ulvøy – ikkje på val

Leiar i valnemnda Ann Kristin Leirvåg (Ap) la fram kandidatane til plassane der det skal vera attval. (Sjå framlegg til vedtak)

Desse vert valde for perioden 2022-2025

Høgre sin representantar står som i dag, dette kjem opp som sak til kommunestyret i februar 2022.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valnemnda sitt framlegg til vedtak.

KS - 092/21 - 16.12.2021 - Vedtak:

Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt

For perioden 2018 - 2021

Vara

Hardy Pedersen (Ap) – ATTVÅL

Randi K. Dyrøy (KrF) – ATTVÅL

For perioden 2019-2023

For perioden 2019-2023

Anette Kaland (Ap) – ikkje på val

Christer Pedersen (H) – ikkje på val

Stein Kåre Løvslett (KrF) – ikkje på val

Odd Øksnes (Bygdelista) – ikkje på val

For perioden 2018-2021

Leiar: **Hardy Pedersen ATTVÅL**

For perioden 2019-2023

Nestleiar: Stein Kåre Løvslett – ikkje på val

Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt

Medlemmer for perioden 2018-2021

Gro Kaland (Sp) – ATTVÅL

Nils Ove Vassdal (H) – FEBRUAR 2022

Atle Utkilen (BYA) – JAN NORDØ (NY)

Medlemmer valde for perioden 2019-2023

Reidar Ulvøy (Ap) – ikkje på val

Morten Sognnes (H) – ikkje på val

Lise Renate Helle (Sp) – ikkje på val

Leiar for perioden 2018-2021

Leiar: **Nils Ove Vassdal FEBRUAR 2022**

Vara for perioden 2018-2021

Terje Aasen (KrF) – ATTVÅL

**May Britt Vågheim Eliassen (H) -
FEBRUAR 2022**

**Petter Lerøy Skårnes (V) - SIRI KALAND
NY**

Vara valde for perioden 2019-2023

Adrian Stueland (Ap) – ikkje på val

Aslak Andre Bakke (H) – ikkje på val

Per-Kristian Løvmo (Sp) – ikkje på val

Nestleiar for perioden 2018-2021

Nestleiar: Reidar Ulvøy – ikkje på val

093/21: Møteplan for 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Formannskapet/råd rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i saksutgreiinga.

22.11.2021 ELDRERÅDET

Møteplan foreslått av: Gro Vigdis Johannessen

Eldrerådet sin møteplan for 2022:

tysdag 1. februar

tysdag 5. april

tysdag 7. juni

tysdag 6. september

tysdag 15. november

Semje i Eldrerådet om å leggja til tre møte i tillegg til dei som er fastsett av kommunedirektøren.

Datoane er sett i vedtaket.
Møta vert lagt inn i møtekalenderen.

Handsaming i Eldrerådet:
Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

ER - 027/21 - 22.11.2021 - Vedtak:

Eldrerådet sin møteplan for 2022:

tysdag 1. februar
tysdag 5. april
tysdag 7. juni
tysdag 6. september
tysdag 15. november

22.11.2021 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Det er i felles møteplan for 2022, lagt opp til møte 7.juni og 15. november. Dette er viktig i samband med budsjett arbeidet.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at dei bør legge opp til 4 møter i året og at dei bør vere på same dag, men på ei anna tid enn eldrerådet sine møter.

Framlegg til vedtak:

Leiar Odd Øksnes frå fullmakt til å samkjøre møteplan med eldrerådet.

Framlegget vart samrøystes vedteke

RMNF - 018/21 - 22.11.2021 - Vedtak:

Leiar Odd Øksnes får fullmakt til å samkjøre møteplan med eldrerådet.

25.11.2021 FORMANNSKAPET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.

- Kuttar formannskap i januar, men kan likevel komma møte om det trengst i samband med skulesaka.
- Legg opp til to dagar med kommunestyret i mai for budsjett og økonomiplan.
- Flyttar første formannskap etter sommaren til september, for å få meir tid etter ferie.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 129/21 - 25.11.2021 - Vedtak:

Formannskapet/råd rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i saksutgreiinga.

16.12.2021 KOMMUNESTYRET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om møteplanen for 2022.

- Har sett på fristar for utsendingar og høyringar, og sett opp datoane for å sikra at sakene kan komma ut i rett tid.
- Kommunedirektøren orsaka at det har vore ein del ettersending for dei siste møta, dette skal ein prøva å få betre neste år med ny møteplan.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

KS - 093/21 - 16.12.2021 - Vedtak:

Kommunestyret vedtar møteplanen slik den ligg føre i saksutgreiinga.

094/21: Lokal forskrift om gebyr for tekniske forvaltningsteneste 2022 - Godkjenning

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2022 vert godkjent slik den ligg føre. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2022. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova § 33, Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32, Konesjonslov, forskrift om gebyr heimla i forvaltingslova § 27 a, Forskrift nr. 864 heimla i Lov om eigarseksjonar § 7 og Forskrift nr. 98 heimla i Lov om vern mot forureining § 52 og lov om hamner og farvann § 6.

25.11.2021 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka. Har vore auke i gebyra siste tre år, og kommunen legg opp til å halda seg på same nivå i 2022 som i 2021. Om det vert for dyrt, vert folk freista til å ikkje søka om løyve.

Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om kostnader til oppmåling samanlikna med andre kommunar, og sett opp mot arbeidet som skal utførast. Asbjørn Toft svara at det er ganske likt i Austrheim som i nabokommunar, men det ein ser er at dersom det vert større endringar i arealet så er det ei ny delingssak og heilt nytt gebyr. (5 prosent endring er grensejustering, meir enn dette er ny sak).

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 125/21 - 25.11.2021 - Vedtak:

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2022 vert godkjent slik den ligg føre. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2022. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova § 33, Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32, Konesjonslov, forskrift om gebyr heimla i forvaltingslova § 27 a, Forskrift nr. 864 heimla i Lov om eigarseksjonar § 7 og Forskrift nr. 98 heimla i Lov om vern mot forureining § 52 og lov om hamner og farvann § 6.

16.12.2021 KOMMUNESTYRET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

KS - 094/21 - 16.12.2021 - Vedtak:

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2022 vert godkjent slik den ligg føre. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2022. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova § 33, Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32, Konesjonslov, forskrift om gebyr heimla i forvaltingslova § 27 a, Forskrift nr. 864 heimla i Lov om eigarseksjonar § 7 og Forskrift nr. 98 heimla i Lov om vern mot forureining § 52 og lov om hamner og farvann § 6.

095/21: Foreløpig rekneskap for 2021

Kommunedirektøren sitt framlegg:

06.12.2021 FORMANNSKAPET

Odd Harald Dommersnes orienterte og gikk gjennom tala i foreløpig rekneskap for 2021.

Framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til tilråding:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar for 3 tertial.
2. Kommunestyret tek rapporten til vitande.

Framlegget vart samrøystes vedteke

FS - 142/21 - 06.12.2021 - Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar for 3 tertial.
2. Kommunestyret tek rapporten til vitande

16.12.2021 KOMMUNESTYRET

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

- Straum, kommunen har låst ein del av forbruket til ein pris på 32 øre. På same tid i 2020 var prisen 19 øre, beste pris me klarer å få no er 80 øre per kWh for dei avtalane som må fornyast.
- Det som er usikkert er straum, samt at ein ser at ein ikkje får kompensert alle kostnader knytt til Covid-19. Har komme bra ut, men det er ikkje full dekning frå Staten.
- For Covid-19 er det 2,5 millionar i direkte meirkostnader, får kompensert 2,1 millionar.
- Skatteinntektene er gode, det har redda Austrheim bra i år.

- Styret mot 0 etter avsetnader på 6,5 million til disposisjonsfond, som kan disponerast av kommunestyret i 2022.

Advokatkostnader for saka på Klungerneset, innløyising av areal. Her orienterte einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel

- Får kostnader på kring 600.000 til advokat før saka no er avslutta.
- Dette er eit areal på Kaland som i 2017 var regulert som friområde, grunneigar kan då krevja innløyising.
- Det kravet kom i 2019, på 3,5 millionar for 4,7 mål. Kommunen pliktar å løysa inn, men verdivurderinga var at det var verdt 20.000 kroner. Nådde ikkje fram med mekling og det vart halde offentleg skjønn.
- Retten hadde saka oppe i november, der vart det avsagt dom på sju kroner kvadratmeteren, litt over 30.000 samla. Viser at det er dårleg rådgjeving når grunneigar vil ha skjønn heller enn minneleg ordning. No er saka avgjort, og grunneigar betalt for innløyising.
- Samstundes fekk kommunen sakskostnader for begge partar, slik er det i første rettsinstans.
- Om dette sa Per Lerøy (Ap) at dersom grunneigar hadde anka saka, måtte vedkommande ha betalt kostnadene sjølv. Men i første rettsomgang er det slik at den sterke part får kostnadene.
- Myrmel sa vidare at dei siste åra har retten avsagt mellom 0 og 5 kroner kvadratmeteren i erstatning, her enda det altså på 7 kroner.
- Reidar Øksnes (Sp) sa om rettssaka at kommunen må vera føre var i saker med grunnavståing. Kommunen må vera nøyaktige for å unngå disputtar, og elles gå for minnelege løysingar.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om sjukefråværet

- Må jobba med dette. Suksessfaktoren er at ein får ned langtidsfråværet.
- Må vera klar over at mange er slitne innan helse no.
- Viktigaste ressursen kommunen har er dei tilsette.

Monika Thorpe spurte om nærværprosjektet. Dommersnes svara at dette prosjektet gjekk i barnehagane, og hadde god effekt der. Jobbar vidare med prosjektet på Nordliheimen.

Morten Sognnes spurte om kostnader ved sjukefråvær. Dommersnes svara at ein kan rekna forsiktig 1.000 kroner dagen, og med 5432 dagar fråvær så er det høg kostnad. Det er langtidsfråværet som er stort, med 3027 dagar vekke.

Om detaljnivå for statistikken sa kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug at ein kan leggja det fram på avdelingsnivå, og resten kan ein ta munnleg i møtet.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er bra med meir overordna tal, men gjerne skilt på eigenmeldt og legemeldt, i tillegg til kort- og langtidsfråvær.

Britt M. S. Lerøy (Ap) sa at noko av kostnader til fråvær vert refundert frå Nav, Dommersnes sa at det er rett, men 1000 kroner dagen er lågt tal.

Monika Thorpe (Ap) sa at det er bra at langtidsfråværet vert tatt fatt i. Dette starta nok før Covid-19, bra at ein tar fatt i det no.

Reidar Øksnes (Sp) ba om at rekneskapsrapporten og justeringar i framtida vart delt i to, kommunedirektør Fjellhaug sa at ein kan dela det til neste gong.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

KS - 095/21 - 16.12.2021 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar for 3. tertial.

Kommunestyret tek rapporten til vitande

096/21: Gebyr- og betalingsattsar 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek gebyr- og betalingsattsar for 2022 slik den ligg føre i [Gebyrliste \(framsikt.net\)](#).

06.12.2021 FORMANNSKAPET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøyttes vedteke

FS - 140/21 - 06.12.2021 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek gebyr- og betalingsattsar for 2022 slik den ligg føre i [Gebyrliste \(framsikt.net\)](#).

16.12.2021 KOMMUNESTYRET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka:

- Det er vedteke i statsbudsjettet at det gradvis skal innførast gratis SFO for førsteklasingar, dette vil starta i 2022.
- Det skal også vera lågare eigendel for SFO for dei med låg inntekt.
- Gebyr for slam må aukast no, det har ikkje har vore auka dei siste åra. Det er ein ganske stor auke no på 40 prosent, både for årleg tømning og annakvart år.
- Feiegebyret aukar 20 prosent, her er det ei endring på grunn av at fritidsbustader skal ha feiing. Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, sa at det vil ta litt tid å finna rett kostnadsnivå no som hytter skal ha denne tenesta, og for ein del hytter må feiaren ut i båt. Det er også strengare krav til HMS for feiarane, det gjer at kostnadene går opp.

Per Lerøy (Ap) spurte om slamtømning har vore subsidiert, Myrmel svara at det stemmer.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er viktig at folk veit kor ofte dei må tømme slam, det er rimelegare om det er godt nok å tømme sjeldan. Det vart presisert frå administrasjonen at tømning kvart 4. år berre er for fritidsbustader.

Handsaming i kommunestyret
Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

KS - 096/21 - 16.12.2021 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek gebyr- og betalingsattsar for 2022 slik den ligg føre i [Gebyrliste](#)

framsikt.net.

097/21: Budsjett- og økonomiplan 2022-2025 - etter høyringsrunden

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre.
2. Investeringsbudsjettet for 2022 sjølvkost er basert på forventa framdrift på tidlegare vedtekne VA-prosjekt. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp 7,9 millionar kr i lån i 2022.
3. Det vert teken opp 10 millionar kroner i Husbanken for vidarelån til start-lån.
4. Økonomiplan for 2022-2025 og årsbudsjett for 2022 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2022 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.
5. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine råmer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):
 - a) Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.
 - b) Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine råmer.
 - c) Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.
 - d) Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar.
 - e) Fordeling av bevilling til småinvesteringar innafor råma på 100 000,- kr.
 - f) Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)
6. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.
7. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd

bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K-sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2022, jf. esktl. § 10. Kommunen vil i 2022 skrive ut eigedomsskatt på eigedommar som tidlegare var rekna som «verk og bruk» på eit «særskilt fastsett grunnlag» med heimel i overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2022 være lik 3/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Kommunen vil i 2022 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd. Eigedomsskatten vert skriven i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.

8. Det vert gjeve ei råde på 845 000,- kr til kontrollutvalet.

9. Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd på 3 175 000,- kr.

10. Ramma til Austrheim folkebibliotek vert auka med kr 109 000,-.

11. Ramma til Fensfjorden PPT vert auka med kr 250 000,-

12. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

13. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførar si løn for 2022. Stortinget sin lønskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2022 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

14. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %

15. Gebyr- og betalingsregulativ for 2022 vert lagt fram i eiga sak.

Driftsbudsjettet 2022

Det vert sett av midlar til 100 % miljøarbeidarstilling med bachelorgrad i grunnskulen og tilstrekkeleg midlar til skuletur for 10. klasse. Det vert òg sett av midlar til vikarpool for barnehagar og skular og pleie og omsorg.

Inndekking skjer gjennom overskytande midlar frå auka rammetilskot i revidert statsbudsjett etter at kommunedirektøren sitt framlegg om auka tildelingar til Austrheim kyrkjelege fellesråd, Austrheim folkebibliotek og Fensfjorden PPT er trekt frå, og frå driftsoverskot for 2021. Kommunestyret bed dessutan kommunedirektøren rydda rom for å leggja barnetrygda på toppen av sosialstønad, og ekstra planmidlar til utarbeiding av temaplan mot attgroing og kommunedelplan for naturmangfald.

Investeringsbudsjettet 2022

Av folkehelseomsyn ønsker kommunestyret opprusting av turstiane i Øksnesmarka og Hoplandsmarka og tilrettelegging av gamle stiar og ferdselsveggar mellom bygdene.
Kostnad: Kr. 500 000 + tippemidlar.

Austrheim Arbeidarparti viser til tidlegare drøftingar der kommunedirektøren fekk i oppdrag å be vertskommunen for NAV Fensfjorden gjera eit utgreiingsarbeid om konsekvensane av å halda barnetrygda utanfor når ein bereknar sosialstønad. Me ser ikkje at dette er gjort. Me ber no om at det vert teke eit nytt initiativ der ein tek sikte på å få etablert denne ordninga frå første januar 2022 for søkjarar av sosialstønad frå Austrheim kommune. Det vert hevda at det vil vera komplisert for NAV Fensfjorden å praktisera fleire ulike ordningar, men i NAV Nordhordland som NAV Fensfjorden er ein del av, vert det alt praktisert ein slik ordning som Austrheim kommune etterlyser for klientane frå Alver kommune. Me ser derfor ikkje at ei snarleg innføring av ei tilsvarande ordning for søkjarane frå Austrheim kommune vil vera særleg arbeidskrevjande for NAV Fensfjorden.

06.12.2021 FORMANNSKAPET

Kommunedirektør Bjørna Fjellhaug gikk gjennom framlegg til budsjett og endringar i etter innspel i høyringsrunden.

Ordfører Per Lerøy (Ap) hadde med innspel frå Arbeidarpartiet, som ønskjer at ein tek tak i dette med at barnetryd vert trekt frå utbetalingane i samband med sosisalhjelp umiddelbart, men tek med seg tilbake til partiet at dette ikkje er så enkelt som først tenkt.

Helge Dyrkolbotn (Krf) - Viss det kjem nasjonale føringar som gjeld frå neste haust kan det vere fornuftig å vente.

Inger Lise Brekke (H) - Vi er i eit vertskommunesamarbeid og må vere forsiktig med å komplisere deira arbeid, meiner vi bør vente å sjå kva som skjer nasjonalt.

Per Lerøy (Ap) - Påpeikte at det ikkje er lagt inn noko ekstra vedlikehaldsmidlar. Bjørnar Fjellhaug svarte at det er lite handlingsrom og at det er politikarane som må avgjere kor dei vil sette inn trykket framover.

Odd Harald Dommernes kommenterte at ein kan hente midlar frå disposisjonsfond til veivedlikehald, men det er eit stramt budsjett og ein må spesielt tenkje på straumkostandane.

Helge Dyrkolbotn (Krf) - Admininstrasjon har gjort ein god jobb med budsjettet og har god kontroll.

Inger Lise Brekke (H) - Vi må halde oss på ei moderat linje og ha disposisjonsmidlar i bakhand.

Per Lerøy (Ap) - er dels einig i det og kanskje kan vi sjå på justeringar etter 1. tertial.

Kommunedirektøren sitt framlegg til tilråding vart samrøystes vedteke.

FS - 141/21 - 06.12.2021 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre.

2. Investeringsbudsjettet for 2022 sjølvkost er basert på forventa framdrift på tidlegare vedtekne VA-prosjekt. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp 7,9 millionar kr i lån i 2022.

3. Det vert teken opp 10 millionar kroner i Husbanken for vidarelån til start-lån.

4. Økonomiplan for 2022-2025 og årsbudsjett for 2022 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2022 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.

5. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rårer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):

a) Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjjer.

b) Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rårer.

c) Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.

d) Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar.

e) Fordeling av bevilling til småinvesteringar innafor råma på 100 000,- kr.

f) Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)

6. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

7. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K-sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2022, jf. esktl. § 10. Kommunen vil i 2022 skrive ut eigedomsskatt på eigedommar som tidlegare var rekna som «verk og bruk» på eit «særskilt fastsett grunnlag» med heimel i overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2022 være lik 3/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Kommunen vil i 2022 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd. Eigedomsskatten vert skriven i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.

8. Det vert gjeve ei råde på 845 000,- kr til kontrollutvalet.

9. Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd på 3 175 000,- kr.

10. Ramma til Austrheim folkebibliotek vert auka med kr 109 000,-.

11. Ramma til Fensfjorden PPT vert auka med kr 250 000,-

12. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

13. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførar si løn for 2022. Stortinget sin lønskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulert per mai 2022 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

14. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %

15. Gebyr- og betalingsregulativ for 2022 vert lagt fram i eiga sak.

16.12.2021 KOMMUNESTYRET

Bygdelista- Sak 97/21: Budsjett og økonomiplan 2022-2025 foreslått av: Jan Erik Espelid

Driftsbudsjettet 2022

Det vert sett av midlar til 100 % miljøarbeidarstilling med bachelorgrad i grunnskulen og tilstrekkeleg midlar til skuletur for 10. klasse. Det vert òg sett av midlar til vikarpool for barnehagar og skular og pleie og omsorg.

Inndecking skjer gjennom overskytande midlar frå auka rammetilskot i revidert statsbudsjett etter at kommunedirektøren sitt framlegg om auka tildelingar til Austrheim kyrkjelege fellestråd, Austrheim folkebibliotek og Fensfjorden PPT er trekt frå, og frå driftsoverskot for 2021.

Kommunestyret bed dessutan kommunedirektøren rydda rom for å leggja barnetrygda på toppen av sosialstønaden, og ekstra planmidlar til utarbeiding av temaplan mot attgroing og kommunedelplan for naturmangfald.

Investeringsbudsjettet 2022

Av folkehelseomsyn ønsker kommunestyret opprusting av turstiane i Øksnesmarka og Hoplandsmarka og tilrettelegging av gamle stiar og ferdselsveggar mellom bygdene.

Kostnad: Kr. 500 000 + tippemidlar.

Ap tilleggframlegg foreslått av: Per Lerøy

Austrheim Arbeidarparti viser til tidlegare drøftingar der kommunedirektøren fekk i oppdrag å be vertskommunen for NAV Fensfjorden gjera eit utgreiingsarbeid om konsekvensane av å halda barnetrygda utanfor når ein bereknar sosialstønad. Me ser ikkje at dette er gjort. Me ber no om at det vert teke eit nytt initiativ der ein tek sikte på å få etablert denne ordninga frå første januar 2022 for søkjarar av sosialstønad frå Austrheim kommune. Det vert hevda at det vil vera komplisert for NAV Fensfjorden å praktisera fleire ulike ordningar, men i NAV Nordhordland som NAV Fensfjorden er ein del av, vert det alt praktisert ein slik ordning som Austrheim kommune etterlyser for klientane frå Alver kommune. Me ser derfor ikkje at ei snarleg innføring av ei tilsvarende ordning for søkjarane frå Austrheim kommune vil vera særleg arbeidskrevjande for NAV Fensfjorden.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025, slik det ligg i saksframlegget.

· Kommunen må skapa seg handlingsrom for å frigjera ressursar til eksisterande og nye

behov.

- Startar alt våren arbeidet 2022 med budsjett for 2023 og økonomiplan 2023-2026.
- Det er som er avsett til disposisjonsfond er 11,6 millionar. Det er driftsreserven vår, åtvarar mot å røra denne. Burde vore 25 millionar på disposisjonsfondet.
- Barnetrygda skal ut av sosialhjelpsgrunnlaget frå september, jamfør statsbudsjettet for 2022. Ber om at det vert gitt tid til å greia ut dette.
- Ser at det er bra med miljøarbeidar i skulane, vil bruka tid til å greia ut dette.

Økonomi- og kultursjef Odd Harald Dommersnes gjekk vidare inn i tala i budsjettet, ut frå dei tala som ligg i Framsikt.

- Driftsresultat er enkelte år under det som er fastsett i økonomireglementet.
- Skal ha ganske store investeringar framover, i 2021 er det budsjettert med 41 millionar kroner.

Dommersnes spurte om avtalen om felles landbrukskontor. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det nok er politisk vedteke at den skal forlengast. Reidar Øksnes (Sp) sa at Austrheim er pålagt å ha landbrukskompetanse, men ein gjekk inn i felles avtale for å ha breiare kompetanse. Dommersnes sa at dette må komma opp på første møte i 2022, for dagens avtale går ut.

Britt M. Skaalevik Lerøy (Ap) spurte om inntekter Kaland skule, her svarta at Dommersnes at inntektene har gått ned sidan elevane frå Åsheim-kretsen ikkje vert betalte av Alver no. Elevane frå Åsheim-krinsen går på Kaland ut grunnskulen utan betaling frå Alver. Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at desse inntektene hadde forsvunne uansett, sidan Alver ikkje ville betala for elevar frå Åsheim-krinsen som gjekk i Austrheim.

Jan Erik Espelid (Bygdelista) la fram framlegget frå Bygdelista:

Driftsbudsjettet 2022

Det vert sett av midlar til 100 % miljøarbeidarstilling med bachelorgrad i grunnskulen og tilstrekkeleg midlar til skuletur for 10. klasse. Det vert òg sett av midlar til vikarpool for barnehagar og skular og pleie og omsorg.

Inndecking skjer gjennom overskytande midlar frå auka rammetilskot i revidert statsbudsjett etter at kommunedirektøren sitt framlegg om auka tildelingar til Austrheim kyrkjelege fellelsråd, Austrheim folkebibliotek og Fensfjorden PPT er trekt frå, og frå driftsoverskot for 2021.

Kommunestyret bed dessutan kommunedirektøren rydda rom for å leggja barnetrygda på toppen av sosialstønaden, og ekstra planmidlar til utarbeiding av temaplan mot attgroing og kommunedelplan for naturmangfald.

Investeringsbudsjettet 2022

Av folkehelseomsyn ønsker kommunestyret opprusting av turstiane i Øksnesmarka og Hoplandsmarka og tilrettelegging av gamle stiar og ferdselsveggar mellom bygdene.

Kostnad: Kr. 500 000 + tippemidlar.

Ordførar Per Lerøy (Ap):

- Ap-gruppa ser at budsjettet er trongt for 2022. På bakgrunn av dette vil Ap endra sitt framlegg frå handsaminga i formannskapet og i høyringsrunden.
- Støttar kommunedirektøren sitt framlegg, men har eige tillegg om barnetrygd og sosialstønad.
- Vil komma tilbake til vedlikehaldsmidlar når ein ser utviklinga i løpet av året.
- Ikkje usamd i at det er bra med miljøterapeutar i skulen, men har tillit til at kommunedirektøren vurderer dette. Ventar at kommunedirektøren kjem tilbake til dette til kommunestyret i løpet av året, for å betra oppvekstvilkåra og skulekvardagen i Austrheim kommune.

Ap sitt vedtaksframlegg:

Austrheim Arbeidarparti viser til tidlegare drøftingar der kommunedirektøren fekk i oppdrag å be

vertskommunen for NAV Fensfjorden gjera eit utgreiingsarbeid om konsekvensane av å halda barnetrygda utanfor når ein bereknar sosialstønad. Me ser ikkje at dette er gjort. Me ber no om at det vert teke eit nytt initiativ der ein tek sikte på å få etablert denne ordninga frå første januar 2022 for søkjarar av sosialstønad frå Austrheim kommune. Det vert hevda at det vil vera komplisert for NAV Fensfjorden å praktisera fleire ulike ordningar, men i NAV Nordhordland som NAV Fensfjorden er ein del av, vert det alt praktisert ein slik ordning som Austrheim kommune etterlyser for klientane frå Alver kommune. Me ser derfor ikkje at ei snarleg innføring av ei tilsvarende ordning for søkjarane frå Austrheim kommune vil vera særleg arbeidskrevjande for NAV Fensfjorden.

Inger Lise Brekke (H):

- Høgre vil ikkje gå ut over kommunedirektøren sitt framlegg.
- Ønskjer å bygga disposisjonsfond.
- Er i mot å endra slik at barnetrygd ikkje skal reknast som inntekt ved utrekning av sosialstøtte, her bør ein heller venta til det kjem nasjonalt.
- Miljøarbeidar kan ein venta med til ny barnevernslø, trur dette snart kjem inn som tiltak der, og kommunalsjef oppvekst bør få jobba med dette.

Helge Dyrkolbotn (KrF):

- Det har komme gode innspel frå Bygdelista og frå høyringsrunden. Om Bygdelista sine framlegg fell i avstemminga, så håpar eg det vert tatt med vidare.
- Vil stemma for Ap sitt framlegg om barnetrygd.
- Vil ha ei grundig vurdering til våren av det som ligg av framlegg, og sjå kva ein kan få til i samband med budsjettjusteringane då.

Per Lerøy (Ap):

- Det er ei felles forståing om at ein lar framlegga ligga ved budsjettframlegget. Så kan det vurderast utover våren, om ein ser at det er tryggare økonomisk å kunna gjennomføra fleire av desse tiltaka.

Reidar Øksnes (Sp):

- Sp støttar at ein tar barnetrygda ut av berekningsgrunnlaget for sosialstønad. Slik var det før. Ser med auka straumprisar, at det er dei som har lite frå før av som får det hardest. Ser problemstillinga Nav Fensfjorden tek opp om at det bør vera likt her med andre kommunar, men me er valde inn for å tena folk i Austrheim.
- Om felles landbrukskontor, der må ein sjå på kva som er gjort med avtalen i samband med at Radøy, Meland og Lindås vart Alver.

Reidar Øksnes (Sp) spurte kva kommunen gjer med manglande trafo-kapasitet på Kaland skule, klarer ein å utnytta nye varmebrønner, og kva forhold er ein i opp mot BKK? Her svara Rolf Henning Myrmel at dette vert ein del av oppgraderinga av Kaland skule, og må inn i det prosjektet. Her sa Per Lerøy at både ny brønn for geovarme og forsterka nett inn til skulen er med i dei 23-24 millionane som er sett av til prosjektet, skal vera nok elektrisk kraft der då til å utnytta geobrønner.

Jan Erik Espelid trekte Bygdelista sitt framlegg til vedtak, under forståing at det vert lagt ved saka for vurdering til våren, slik det er også er nemnt for andre innspel til budsjettet.

Handsaming i kommunestyret

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Tillegget frå Ap vart vedteke mot Høgre sine fire stemmer. (I Vedtaket er Austrheim Arbeidarparti

KS - 097/21 - 16.12.2021 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre.

2. Investeringsbudsjettet for 2022 sjølvkost er basert på forventa framdrift på tidlegare vedteke VA-prosjekt. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp 7,9 millionar kr i lån i 2022.

3. Det vert teken opp 10 millionar kroner i Husbanken for vidarelån til start-lån.

4. Økonomiplan for 2022-2025 og årsbudsjett for 2022 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2022 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.

5. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine råmer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):

a) Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjjer.

b) Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine råmer.

c) Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.

d) Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar.

e) Fordeling av bevilling til småinvesteringar innafor råma på 100 000,- kr.

f) Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)

6. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

7. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K-sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2022, jf. esktl. § 10. Kommunen vil i 2022 skrive ut eigedomsskatt på eigedommar som tidlegare var rekna som «verk og bruk» på eit «særskilt fastsett grunnlag» med heimel i overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2022 være lik 3/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Kommunen vil i 2022 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.

Eigedomsskatten vert skriven i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering I kommunen vart gjennomført I 2018 og 2019.

8. Det vert gjeve ei råde på 845 000,- kr til kontrollutvalet.
9. Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd på 3 175 000,- kr.
10. Ramma til Austrheim folkebibliotek vert auka med kr 109 000,-.
11. Ramma til Fensfjorden PPT vert auka med kr 250 000,-
12. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
13. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførar si løn for 2022. Stortinget sin lønskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulert per mai 2022 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.
14. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %
15. Gebyr- og betalingsregulativ for 2022 vert lagt fram i eiga sak.

Kommunestyret viser til tidlegare drøftingar der kommunedirektøren fekk i oppdrag å be vertskommunen for NAV Fensfjorden gjera eit utgreiingsarbeid om konsekvensane av å halda barnetrygda utanfor når ein bereknar sosialstønad. Me ser ikkje at dette er gjort. Me ber no om at det vert teke eit nytt initiativ der ein tek sikte på å få etablert denne ordninga frå første januar 2022 for søkjarar av sosialstønad frå Austrheim kommune. Det vert hevda at det vil vera komplisert for NAV Fensfjorden å praktisera fleire ulike ordningar, men i NAV Nordhordland som NAV Fensfjorden er ein del av, vert det alt praktisert ein slik ordning som Austrheim kommune etterlyser for klientane frå Alver kommune. Me ser derfor ikkje at ei snarleg innføring av ei tilsvarande ordning for søkjarane frå Austrheim kommune vil vera særleg arbeidskrevjande for NAV Fensfjorden.

098/21: Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Plan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2012-2020 vert vidareført til 2022.

Liste over prioriterte anlegg klar til spelemiddelsøknad 2022:

Prioritering/ søknadsnr	Ordinære anlegg	
1 Nr 145211	Rehabilitering lys Austrheimhallen	Fornyast

2 Nr 145120	Båthus i Årvika friluftsområdet	Fornyast
3 Nr 145248	Dagsturhytta Vardetangen m/toalett	Fornyast
4 150572	Baløy, Småbåthamn	Ny søknad
5 Nr 151374	Baløy. Naust/utstyrslager	Ny søknad, ikkje fullstendig
6 Nr 151376	Rongevær. Uteområde og kaianlegg/friluftsområdet	Ny søknad, ikkje fullstendig
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg	

16.12.2021 KOMMUNESTYRET

Avdelingsleiar Kari Torkildsen Utkilen orienterte om saka. Denne prioriteringslista må vedtakast årleg for å kunna få spelemidlar, og dette vedtaket skal sendast over til Fylkeskommunen innan 15. januar 2022.

- I 2022 vil ein jobba med teksten og planen, for fornying av meir enn berre sjølve prioriteringslista.
- Søknadene må gjerne oppretthaldast i tre år før ein får midlar, det betyr ikkje at søknadene er underkjente, men at ein berre må venta på tur. Alle dei tre øvste på lista er ferdige prosjekt.
- Nummer 4. er søknad frå DNT til småbåthamn med tanke på robåtar for bruk til kysthytta i Rongevær.
- Nummer 5. er søknad frå DNT til naust/utstyrslager i Baløy, denne søknaden er ikkje ferdig per no.
- Nummer 6. er søknad frå DNT til uteområde kai Rongevær, denne søknaden er ikkje ferdig per no.
- Etter dagens reglar kan ein starta arbeidet og søka innan eitt år etter at arbeidet er ferdig. Dette kan vera OK sidan ein då veit kva arbeidet vil kosta.
- Har prosjekt som er på gang seinare. Hadde løyve på 290.000 kroner til Steinaldersti, der måtte kommunen gje frå seg pengane sidan ein ikkje kom i gang med prosjektet.
- Ingen prosjekt blir sette i gang før finansieringa er i gang.

Reidar Øksnes spurte om kvar på Rongevær det skal lagast kai. Kari T. Utkilen svara at det DNT sitt prosjekt, i tilknytning til Rongevær kurs- og fritidssenter.

Gro Kaland (Sp) spurte om 600.000 kroner som prosjekt til gymsal Kaland, kva dette skal brukast til. Kari T. Utkilen svara at dette er arbeid som er gjort.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

(16 stemmer, Jan Erik Espelid frå Bygdelista var ikkje på plass)

(I denne saka var Hege Ramsland vara for Aslak Andre Bakke, saka vart handsama etter 091/21)

KS - 098/21 - 16.12.2021 - Vedtak:

Plan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2012-2020 vert vidareført til 2022.

Liste over prioriterte anlegg klar til spelemiddelsøknad 2022:

Prioritering/ søknadsnr	Ordinære anlegg	
1 Nr 145211	Rehabilitering lys Austrheimhallen	Fornyast
2 Nr 145120	Båthus i Årvika friluftsområdet	Fornyast
3 Nr 145248	Dagsturhytta Vardetangen m/toalett	Fornyast
4 150572	Baløy, Småbåthamn	Ny søknad
5 Nr 151374	Baløy. Naust/utstyrslager	Ny søknad, ikkje fullstendig
6 Nr 151376	Rongevær. Uteområde og kaianlegg/friluftsområdet	Ny søknad, ikkje fullstendig
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg	

099/21: Tilskotsordning til lokale verksemdar i særleg utsatte bransjer- Løyving frå Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret tildeler frå løyvinga på kr. 820.000 til Austrheim kommune frå *kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemdar i særleg utsatte bransjer og kommuner* til følgjande verksemdar:

Kilstraumen Brygge AS kr. 700.000.

Straumcamp AS kr. 120.000.

Kommunen vil kontrollere om verksemdene har ubetalte kommunale krav, om det er noko uteståande så vil tilskotet verta motrekna mot dette.

Tilskotet vert betalt ut til den enkelte verksemda når kommunen har den naudsynte informasjonen som skal registrerast på regionalforvaltning.no. Sluttrapportering for tilskot frå denne ordninga må sendast til departementet innan 31.01.2022.

16.12.2021 KOMMUNESTYRET

I denne saka vart Helge Dyrkolbotn (KrF) og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) ugilde på grunn av tilknytning til Kilstraumen Brygge.

Ordfører Per Lerøy (Ap) orienterte om at det var fire søknader, to frå reiseliv og to frå industri. Denne ordninga var retta mot reiseliv, så dei to frå industri såg ein vekk frå. Tildelingsvedtaket skal vera endeleg innan 1. januar 2022, og midlar som ikkje blir delte ut går tilbake til Staten.

Søknadene er vurderte av Per Lerøy, Kari Utkilen og Bjarne Sæbø, medan Asbjørn Toft har skrivne saka.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er trist at ein berre har to reelle søkarar når det er ein god reiselivskommune som Austrheim. Lerøy svara at ein har kontakta fleire aktørar, men desse har ikkje vore registrerte i Austrheim og kunne ikkje søka.

Morten Sognnes (H) at Kilstraumen Brygge utviklar området på en god måte, reknar med at det er brukt av tidlegare tilskot til dette.

Inger Lise Brekke (H) sa at Austrheim bør satsa på reiseliv, men akkurat under pandemien har Austrheim kommune vore heldige og vore lite råka av nedgangen i reiseliv eller for landet.

Per Lerøy (Ap) støtta Sognnes i at Kilstraumen utviklar området på ein god måte, og likeins for Straumcamp.

Morten Sognnes (H) sa at kommunen gjerne kan støtta lag og organisasjonar som jobbar med turstiar. Turstien til Vardetangen dreg til seg mykje folk, som etterpå gjerne stoppar på Kilstraumen for middag. Lerøy svara at ein gjerne kan støtta arbeidet med turstiar, men denne ordninga opna ikkje for det.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

(14 stemmer, Jan Erik Espelid frå Bygdelista var ikkje på plass, og det var to ugilde, Helge Dyrkolbotn (KrF) og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp), på grunn av tilknytning til Kilstraumen Brygge)

KS - 099/21 - 16.12.2021 - Vedtak:

Kommunestyret tildeler frå løyvinga på kr. 820.000 til Austrheim kommune frå *kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemdar i særleg utsatte bransjer og kommuner til følgjande verksemdar:*

Kilstraumen Brygge AS kr. 700.000.

Straumcamp AS kr. 120.000.

Kommunen vil kontrollere om verksemdene har ubetalte kommunale krav, om det er noko uteståande så vil tilskotet verta motrekna mot dette.

Tilskotet vert betalt ut til den enkelte verksemda når kommunen har den naudsynte informasjonen som skal registrerast på regionalforvaltning.no. Sluttrapportering for tilskot frå denne ordninga må sendast til departementet innan 31.01.2022.

006/21: Arbeid med basseng/badeland på Mongstad

Kommunedirektøren sitt framlegg:

16.12.2021 KOMMUNESTYRET

Aslak Andre Bakke (H) orienterte kommunestyret om at det vert jobba med å ta opp igjen saka om eit basseng/badeland på Mongstad

- Det vert snakka om badeland både i Knarvik og i Sløvåg.
- Mongstad er rett plass, og her kan ein bruka energi frå det grøne skiftet.
- Kan dra til seg gjester frå eit større området.
- Om det er semje om dette, så kan ein gjerne be kommunedirektøren jobba med dette.
- Må ha private krefter med seg også.
- Dette kan verta ein "game changer" for kva dette området kan få framover.

Helge Dyrkolbotn (KrF):

- Takkar Bakke for innspelet, må ha eit skikkeleg samarbeid for å få dette til.
- Treng å få nokre bedrifter på gli.
- Røyrssystemet frå Equinor og opp til vegen vart for dyrt sist.
- Det må vera så stort at Åsane-folk kjører hit for å bruka anlegget.

Aslak Andre Bakke (H):

- Kan setta opp eit lite bygg med basseng, men må sjå større på det
- Kan etablere eit anlegg ned mot sjøen på Keilen-sida.
- Har store moglegheiter til å få til noko.
- Det er ikkje eit Austrheim-prosjekt, men eit regionsprosjekt å få dette til.

Per Lerøy (Ap):

- Kommunen har tomt tilgjengeleg, på 20 mål.
- Prosjektet er avhengig av energitunnelen, men der skal ein i møte med Equinor om Hydrogenprosjektet. Kjem den tunnelen, kan ein få energien opp til området utan at det kostar skjorta.

Inger Lise Brekke (H):

- Kan gjera det til regionalt prosjekt der Austrheim kommune er løysinga for å få dette til, med kommunal tomt og tilgang til varme frå Equinor.

Reidar Øksnes (Sp):

- Heiar på dette, må kosta støv av prosjektet og få det inn i ei ny og tenleg drakt.

Per Lerøy (Ap) sender over rapporten som vart laga tidlegare. Møtesekretæren sender ut til representantane og legg den ved møteboka.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunestyret tok orienteringa til vitande.

KS - 006/21 - 16.12.2021 - Vedtak:

Kommunestyret tok orienteringa til vitande.
